

VEDTAKSREFERAT
STYREMØTE I HORDALAND MÅLLAG
30. AUGUST 2018

Deltakarar: Bjørg Eli Eide, Solveig Grønlien, Arild Reigstad, Ingrid Hovstad, Astrid Helene Olsen, Marta Nagel-Alne

Skrivar: Live Havro Bjørnstad

Det vart lagt fram ein merknad til saklista – eit ynskje om å handsama økonomipunkta, punkt 3 og 4, litt tidlegare i møtet.

VEDTAK: Styret vedtok å gjera punkt 4 om til nytt punkt 2 og gamle punkt 2 til nytt punkt 4.

1. Godkjenning av referat frå styremøte 31. mai

VEDTAK: Styret godkjente saklista med ei endring.

2. Søknader om midlar til stillinga: Kven har gjort kva sidan sist?

VEDTAK: Styret vedtok å få fortgang i tre konkrete tiltak for å skaffa pengar til stillinga i Hordaland Mållag. Det eine er ein søknad som skal sendast til verksemdar og fond som kan tenkast å kunna løyva pengar til slike føremål. Det andre er å setja i gang att prosessen med å få eit nytt politisk vedtak om løyvingar frå fylkeskommunen. Det tredje er å få på plass eit fakturaprogram og ei avtalegiro-ordning slik at privatpersonar kan gje månadlege målgåver. Astrid, Bjørg Eli og Live fekk ansvar for å fylgja dette opp.

3. Søknader om midlar til NM sentralt: Løypemelding om kva som er gjort og kva som står att

VEDTAK: Styret vedtok å søkja Noregs Mållag om midlar til fleire av prosjekta ein skal gjennomføra i løpet av hausten og våren og vil ha med utgifter til løn i søknadssumane.

4. Innkomen post

- a) 28. juni: Framlegg frå Jondal Mållag, Kvinnherad Mållag, Odda Mållag og Ullensvang Mållag om strategimøte i september (sjå vedlegg)

VEDTAK: Styret vedtok at Hordaland Mållag vil stø strategiseminaret og leggja fram det ein meiner om korleis møtet bør leggest opp.

- b) 10. juli: Framlegg frå Jondal Mållag, Kvinnherad Mållag, Odda Mållag og Ullensvang Mållag om rutinar i Hordaland Mållag (sjå vedlegg)

VEDTAK: Styret vedtok framlegget frå Hardanger, men ville gjera ei endring i punkt 2: I tillegg til å senda ut innkallinga og referat til lokallaga, ville ein også ha vedtaksreferata tilgjengelege på nettsida. Det skal lagast to referat der eitt berre er til styret og eitt er også til nettsida og lokallaga.

- c) 8. august: Brev frå Ola Veia Gustavsen frå Nynodata AS

VEDTAK: Styret vedtok at ein kan hjelpa til å spreia informasjon frå Nynodata, men at ein på førehand må ha meir oppdatert informasjon.

5. Planar for hausten 2018

- a) Skipping av lag på Fitjar og Vaksdal: datoar og framdriftsplan

VEDTAK: Styret gav Arild ansvar for å planlegga oppstartsmøte for Vaksdal Mållag saman med Astrid til neste gong. Ingrid fekk ansvar for å stadfesta dato og finna ein stad å halda oppstartsmøtet for Fitjar Mållag.

b) Strategimøte, eller anna møte?

- Styret gjorde ikkje noko vedtak under dette punktet på dette tidspunktet.

c) Kva med ein haustfest?

VEDTAK: Styret vedtok at ein vil skipa ein haustfest ein fredag eller laurdag i november.

d) Bergenskonferansen: løypemelding og planlegging av vidare arbeid frå styremedlemmene si side

- Dette var i hovudsak ei sak til vitring, og styret gjorde difor ingen vedtak under dette punktet.

6. Arbeidsprogrammet vedteke på landsmøte. Kva område skal me satsa på vidare, i tillegg til det me alt har på blokka? Både fram til neste årsmøte og til neste landsmøte.

- Styret gjorde ikkje noko vedtak under dette punktet på dette tidspunktet.